



HISTORISK: Steinar Hilde (t.v.) og Roger Sevrin Bruland skal ha ferdig den historiske filmen om Utvik til påske.

● Historisk film:

Filmpremiere i Utvik

Folk i Utvik kan glede seg til filmpremiere i påska. Då kjem den historiske filmen om bygda. Den er skoren over same lest som dei historiske filmene om Innvik og Olden.

– Prosjektet starta i 2017. Kirsten og Kjell Tisthammer bad meg lage ein liten film som kunne visast i Reinetunet under Utvikdagane, fortel Steinar Hilde i Filmdigitalisering som har spesialisert seg på historis-

ke bilde og filmar.

Flaumen tok Utvikdagane, og nettopp flaumen og døgnet då fredelege Utvik vart endra til katastrofeområde er opnings-scena i filmen.

Steinar Hilde har fått med seg utvikaren og NRK-mannen Roger Sevrin Bruland som medarbeidar i prosjektet. Bruland hadde også sitt eige kammera det dramatiske flaumdøgnet, i tillegg til det dei har fått frå NRK.

– Vi måtte ha med flaumen når vi skulle få fram historia om Utvik, ler mannen som har farta verda rundt. Han har vore

mediamann heilt sidan han laga si eiga avis for Utvik i smågutdagane. Han var også tidleg med levande bilde, mellom anna med Sofus Loen bak disken i eigen butikk.

– Det som skulle bli ein liten film på 20 minutt, vil få ei lengde på godt over timen.

Kulturskatt

Moelven var hjørnesteinsbedrifta i Utvik i mange år. I 1972 sette sjefen sjølv, Bjarne Bjerkenes, i gang filmopptak saman med Anders «Svingen» Verlo.

Dei filma heile produksjonen og folka bak. Desse filmrullane

vart borte, men med god hjelp kom dei til rette. Fantastisk film av folk og store deler av produksjonen.

– Mange er borte, men vi vil prøve å namnsetje alle, fortel dei to filmskaparane som har trivelege dagar i studio i Innvik.

Roger Sevrin Bruland har ansvar for den dramatiske delen kring flaumen, medan Steinar tek seg av det meir historiske. Gamle bilde blir levande med dagens teknologi, og folk i Utvik vil nikke atkjennande etter kvart som det dukkar fram kjende andlet. Folk som er lenge sidan borte, men som sette

preg på bygda den tid dei levde.

Her er 17. mai, hornmusikk, leik og moro. Bilde frå den tid då folk hadde tid til å slå av ein prat. Frå ei tid med yrande liv i Utvik sentrum, og ikkje minst fredsvåren 1945.

– No har Vikane fått sitt. Andre bygder er velkomne etter. Eg er klar til meir historie, smiler Steinar Hilde, og folk i Utvik kan glede seg til påske.

INGE FÆNN
redaksjon@fjordingen.no



FRIGJERING: Mykje folk samla i Utvik for å feire at vi var eit fritt land igjen.



FRED: Ein stor dag i Utvik som i resten av landet.



FILMSTJERNER: Lite visste vel desse karane i hyggeleg prat at dei skulle bli filmstjerner i den historiske filmen om Utvik.